

Søknad etablering/investeringstilskudd

Eg tillet meg med dette å søkje om 40 000 kr i etablerings-/investeringstilskot for vidare utviding av drifta, då eg ikkje har søkt om eller fått tilskot tidlegare.

Firmaet/org.nr. blei oppretta for lenge sidan, men eg byrja ikkje med bier før i 2017/18. Det var då eit prøveprosjekt for å sjå om dette var noko for meg. Eg starta med 25–30 kubar, og med mykje prøving og feiling i oppstartsfasen blei talet kraftig redusert på kort tid. Til trass for dette trivdest eg med bidrifta, og eg valde å satse vidare og byrja å utvide kubeantalet i 2020/21. Sidan då har eg kvart år auka talet på kubar, samstundes som eg har ivareteke og oppretthalde honningproduksjonen.

Eg ser på det eg driv med som viktig, både for lokalmatproduksjon, pollinering og for økosystemet generelt.

Eg har no 90 kubar, noko som nesten tilsvarer 50 % stilling (200–250 kubar tilsvarar eitt årsverk). Eg legg ved eit budsjett basert på talet på kubar eg har på noverande tidspunkt.

Med venleg helsing
Frode Kåsa